

E&M Holding i gang med byggjeprosjektet

04.10.2007



Gamalt hus med allsidig historie bak seg før fall torsdag. Huset har ikke vore nokon pryd for Uskedalen i seinare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust) i gang med byggjeprosjektet sitt mellom det gamle samyrkelagsbygget og Uskedalselva.

Huset i ei høgd med kjellar, som vart reist av Alfred Eidsvik og som har hatt allsidig bruk opp gjennom åra, står for fall og vil bli erstatta av eit høgare hus. Etter utfallet av klagesaka ga fylkesmannen grønt ljós for byggjing i to etasjar med saltak. Grunnflata blir 70 kvadratmeter og mønehøgda aukar frå tre til 7,4 meter.

- Det er tradisjonar på denne tomta, her har det vore både bensinstasjon, parabolbutikk og dyrebutikk, seier Alf Eidsvik junior, som opplyser at det er Frode Bu som skal byggja medan Trelastlageret står ansvarleg.
Byggjinga skal starta 8. november og huset skal stå klart snarast mogeleg på nyåret.

Dei disponible lokala i huset er leigd ut, opplyser Eidsvik.
Det same er tilfelle med det 140 kvadratmeter store lokalet i underetasjen i det gamle Samyrkelagsbygget som har stått ledige etter dyrebutikken. Der er det landsdekkjande "kranfirmaet" KIS nå i ferd med å flytta inn.
E&M Holding har dermed utnytta heile bygningsmassen sin, som omfattar dei tre husa som ligg nærmast elva på denne sida av riksvegen.

Av Ola Matti Mathisen.



E&M Holding har no leigetakarar i alle dei tre husa selskapet eig.. (Foto: Ola Matti Mathisen)